

# Referat frå møte i rådet ved Institutt for framandspråk

*Referatet nedanfor er godkjent av rådet.*

Møtedato: 5. mai 2010

Frammøtte:

Frå gruppe A: Leiv Egil Breivik, Margareth Hagen, Kjetil B. Henjum, Randi Koppen, Kevin McCafferty, Margery Vibe Skagen.

Frå gruppe B: Camilla E. Skalle.

Frå gruppe C: Anne Hestnes.

Frå gruppe D: Solveig Hjelleset (gjeikk etter sak 4).

Arve Kjell Uthaug møtte som skrivar utan røysterett.

## **Sak 1 – godkjenning av innkalling og sakliste**

Hagen hadde meldt inn ei sak under ymse.

## **Sak 2 – godkjent referat frå 7. april 2010**

Godkjent utan merknader.

## **Sak 3 – orienteringssaker**

- A. Søknaden frå IF og Erik Tonning har gått vidare frå første søknadsrunden ved Bergens forskningsstiftelse (BFS). Neste søknadsfrist er 15. juni. Tonning gjeikk vidare saman med seks andre søkjarar, og han er den einaste frå HF som framleis med i tevlinga. Dersom Tonning får støtte frå BFS, vil han normalt gå over i ei fast stilling ved instituttet når prosjektperioden er over. Sjå sak 5 frå møtet 24. februar 2010.
- B. Høyringsrunden om valde eller tilsette instituttleiarar er no avslutta, og saka skal leggjast fram for fakultetsstyret. Råda ved AHKR og LLE går inn for valt leiar. Tilsett leiar vert støtta av råda ved Griegakademiet og FoF og av dei fire instituttleiarane som har uttala seg. Rådet ved IF konkluderte ikkje med å støtta nokon av dei to modellane.
- C. Uthaug orienterte om søkjartala til instituttet i Samordna opptak. Sjølv om UiB har fleire søkjarar enn sist år og fakultetet samla sett ligg stabilt, er det ein klar nedgang i talet på primærsøkjarar til framandspråka.
- D. Det har kome inn søknader om alt i alt femten forskningsterminar i 2011. Av desse er to eksternfinansierte, dvs finansierte av fakultetet eller universitetet sentralt. Av dei resterande tretten, har instituttet gitt tilsegn om ti forskningsterminar for året 2011.

## **Sak 4 – Fagdimensjonering ved Det humanistiske fakultetet**

Breivik orienterte om saka og om kommentarane som har kome inn frå dei ulike gruppene og fagmiljøa. Rådet gjeikk gjennom innstillinga bolk for bolk. Det vart røysta særskilt over avsnittet om tysk under ”4. budsjettmessige konsekvensar”, der det vert lagt opp til ein samla reduksjon på to professorstillingar. Sju av medlemmane i rådet støtta framlegget om reduksjon i to stillingar på tysk, medan to av medlemmane røysta imot. Dermed vart det halde fast på reduksjonen i to stillingar på tysk.

*Vedtak (med åtte mot éi røyst): Rådet vedtek framlegget frå instituttleiinga til innstilling om fagdimensjonering og fagstrategi ved Det humanistiske fakultetet med dei endringane som kom fram under diskusjonen i møtet.*

#### **Sak 5 – Fordeling av stipendiatar mellom dei ulike institutta ved fakultetet**

Rådet meiner IF bør ha ein like stor stipendiatkvote som Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske fag. Det bør gå tre eller fire år mellom kvar gong justerer kvotane mellom dei ulike institutta. Derimot hadde ikkje rådet ei klar meining om stipendperioden bør vera tre eller fire år.

#### **Sak 6 – Ymse**

- A. Hagen tok opp spørsmålet om presentasjonen av faga ved IF på UiBs eksternweb. Ho fekk støtte frå rådet til å skriva eit brev til fakultetet om å endra presentasjonen av språkfaga og m.a. få faga inn under humanistiske fag og synleggjera dei som fag og ikkje berre utdanning. Det er òg viktig å profilera framandspråka ikkje berre ut frå nytte og reiskapsfunksjon, men òg leggja vekt på den humanistiske tradisjonen, dannelsingsaspektet, litteraturen og kulturen.

Leiv Egil Breivik,  
Instituttleiar

Arve Kjell Uthaug,  
administrasjonssjef